



| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|------------|--|------------|
| 22/19 | Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning | 03.05.2019 |

Melding om oppstart - revisjon av forvaltningsplan for rovvilt i region 3/Oppland

Vedlegg:

Saksframlegg:

Vågå kommune mottok 25.3.2015 brev frå Rovviltnemnda region 3 med melding om oppstart av arbeid med revisjon av forvaltningsplanen for rovvilt region 3.

Det er gjeve følgjande orientering om revisjonsprosessen i brevet:

«Rovviltnemnda i region 3 vedtok i møte 12. mars 2019 å gjennomføre en revisjon av forvaltningsplanen for rovvilt. Etter rovviltforskriftens § 6 (med kommentar) «skal forvaltningsplanen rulleres med jevne mellomrom for å sikre at den er oppdatert i forhold til utviklingen i rovviltbestandene og skadesituasjonen».

Hva revisjonen vil omfatte

Nemnda tar nå sikte på å gjøre en forenklet revisjon. Dette betyr at soneringsgrenser for rovviltprioriterte og beiteprioriterte områder ikke er tema i denne omgang. Revisjonsarbeidet vil omfatte en oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, og nye føringer blir lagt inn i dokumentet. Nemnda tar også sikte på å ha en gjennomgang av prioriterte virkemidler og tiltak bl.a. på bakgrunn av de erfaringer en har gjort seg siden sist planen ble vedtatt. Vedlagt følger forvaltningsplanen som ble vedtatt i mars 2012.

Tidsplan

Med bakgrunn i at dette er en forenklet revisjon uten at en ser på sonegrenser, legger nemnda opp til en relativt tidsavgrenset prosess. Endelig plan vedtas av nemnda i desember 2019. Vi legger opp til denne tidsplanen i arbeidet:

| Dato | Milepæler | Merknad |
|---------------------|--|--|
| 25. mars | Melding om oppstart | Brev fra rovviltnemnda - Informasjon om prosess, muligheter for å kunne sende inn innspill – frist for innspill: 25. april |
| 25. april | Frist for innspill til melding om oppstart | |
| 3. mai (nemndsmøte) | Framlegg av arbeidsutkast | Organisasjoner vil kunne benytte møtet evt en utvidet |

| | | |
|--------------------------|---|--------------------------|
| 14. juni (nemndsmøte) | Framlegg av arbeidsutkast | |
| 21. august (nemndsmøte) | Behandling og vedtak av høringsdokument | |
| 10. oktober | Høringsfrist | Høringsperiode ca 6 uker |
| 17. oktober (nemndsmøte) | Oppsummering av høring, utarbeidelse og vedtak av utkast til forvaltningsplan | |
| 1. november | Utkast sendes til Miljødirektoratet for uttalelse | |
| 4. desember (nemndsmøte) | Vedtak av revidert forvaltningsplan | |

Innspill til melding om oppstart

Selv om ikke soneregrenser er tema for revisjonen i denne omgang, vil det være muligheter for at kommuner og organisasjoner kan kommentere hvordan de mener soneringen i nåværende plan har fungert – dette kan også gjøres når forvaltningsplanen er på høring.

Til melding om oppstart ber vi særlig om innspill til temaområder som ikke er godt nok omtalt i gjeldende plan og om det er nye tiltak og prioriteringer som må løftes mere fram i en revidert forvaltningsplan.»

Gjeldande forvaltningsplan

I gjeldande forvaltningsplan, som vart vedteke mars 2012, finn ein desse hovudelementa:

1. **Geografisk differensiering** (soneringsgrenser for rovviltprioriterte og beiteprioriterte områder) for jerv og gaupe. Det er ikkje ynglingsområde for ulv eller bjørn i Oppland.
2. **Tiltak** – lisensfelling, skadefelling og samarbeid med naboregionar
3. **Retningslinjer for tildeling av førebyggjande og konfliktdempande tiltak**; tilsyn, ekstraordinært tilsyn, intensiv gjeting av rein, seint beiteslepp, tidleg sanking, styrt beiting, inngjerding av beredskapsareal, flytting av beitedyr, omlegging til annan produksjon. Under dette punktet kjem også informasjon, beredskap, bestandsovervaking og utprøving av nye tiltak (elektronisk overvaking av beitedyr, bruk av vaktar- og kadaverhund).
4. **Andre økonomiske verkemiddel**; RMP, SMIL, BU-midlar, investeringstilskot for driftsomlegging
5. **Tiltak for konfliktreduksjon retta mot allmennheita** (vurdert som uaktuelt i Oppland)

Lenke til gjeldande forvaltningsplan:

<https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-innlandet/06-miljo-og-klima/rovvilt/rovviltnemnda-region-3/forvaltningsplan-for-rovvilt-region-3-2012.pdf>

Vedr. frist for uttale

Frist for innspel til melding om oppstart er 25. april 2019. Administrasjonen har bede om utsett uttalefrist med bakgrunn i at dato for politisk møte (HTLN) er 3. mai. Fylkesmannen har gjeve attendemelding om at det er mogleg å sende inn innspel frå politisk utval etter den 3. mai, men at ein ikkje får med innspelet i oppsummeringa fylkesmannen skal gje nemnda i planlagt møtet same dag (3. mai), men at innspelet vil bli med vidare i prosessen og i utarbeidinga av høringsdokumentet.

Vurdering:

Det går fram av oppstartvarselet at Rovviltnemnda for Oppland legg opp til ein mindre omfattande revisjon av forvaltningsplanen, med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget og med gjennomgang av prioriterte virkemiddel og tiltak.

Ut frå framdriftsplanen vil eit forslag til revidert forvaltningsplan bli sendt ut på høyring etter møtet i rovviltnemnda i slutten av august 2019.

Rådmannen tek varsel om oppstart av planrevisjon til orientering og har ingen merknader til oppstartvarselet. Når forslag til revidert forvaltningsplan blir sendt på høyring, vil ein gjere ei vurdering av planforslaget og legge planen fram til politisk behandling. Det er viktig at det blir sett av tilstrekkeleg tid til høyring av planen slik at kommunen innanfor høyringsperioden får lagt planen fram for politisk utval. Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning (HTLN) har jf. møteplan møte annakvar månad, og høyringsperiode på seks veker kan ut frå dette vere knapt.

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune tek varsel oppstart av revisjon av forvaltningsplan for rovvilt i region 3/Oppland til orientering og har ikkje vesentlege merknader til oppstartvarselet.

Kommunen vil gjere si vurdering og behandling av forslaget til revidert forvaltningsplan når planen blir sendt ut på høyring hausten 2019. Det må settast av tilstrekkeleg tid til høyring av planen slik at kommunen innanfor høyringsperioden kan få lagt planforslaget fram for politisk utval for uttale.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 03.05.2019**Behandling:**

Samrøystes

Vedtak:

Vågå kommune tek varsel oppstart av revisjon av forvaltningsplan for rovvilt i region 3/Oppland til orientering og har ikkje vesentlege merknader til oppstartvarselet.

Kommunen vil gjere si vurdering og behandling av forslaget til revidert forvaltningsplan når planen blir sendt ut på høyring hausten 2019. Det må settast av tilstrekkeleg tid til høyring av planen slik at kommunen innanfor høyringsperioden kan få lagt planforslaget fram for politisk utval for uttale.